



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2017-

23. august 2019

## Høyring - forslag til ny, heilskapleg språklov

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til ei ny, heilskapleg språklov. Forslaget skal erstatte den gjeldande *lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste* (mållova) og inneheld i tillegg framlegg til overordna føresegner med framlegg til ny rett om språk i Noreg.

Føremålet med framlegget er å lovfeste statusen til norsk språk og å definere statusen til samiske språk, norsk teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for. Føremålet er også å slå fast det ansvaret det offentlege har for dei nemnde språka. Kulturdepartementet føreslår å vidareføre dei fleste av reglane i mållova, men innanfor rammene til forslaget til språklov. Nokre reglar blir etter forslaget justerte, andre blir presiserte.

Forslaget inneheld også ein klarspråksparagraf, som krev at det offentlege brukar eit klart og mottakarretta språk. Departementet føreslår også å stille krav om at statsorgan skal ha namn på norsk som følgjer offisiell rettskriving.

Når det gjeld kva verkeområde lova skal ha, blir det lagt fram to alterternativ. Alternativ 1 inneber å innlemme fylkeskommunane i verkeområdet for dei pliktreglane i mållova som i dag berre gjeld statsorgan. Alternativ 2 er å vidareføre gjeldande rett, slik at fylkeskommunane skal ha rett til gjere eigne språkvedtak, jf. gjeldande mållov § 5.

Departementet ber høyringsinstansane ta stilling til dei to alternativa.

Frist for å svare på den allmenne høyringa er **fredag 15. november 2019**.

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse  
Grubbegata 1  
www.kud.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 866

Avdeling  
Avdeling for  
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar  
Guri Nørve  
22 24 80 64

Høyringsinstansane bør vurdere å vidarese saka til underliggjande instansar, eller til andre som ikkje er oppførde på lista over høyringsinstansar.

Bruk den digitale løysinga for høyringssvar som ligg på [www.regjeringa.no/spraklov](http://www.regjeringa.no/spraklov)  
Klikk på "Send inn høyringssvar". Her kan du også mellomlagre svaret og laste opp vedlegg.  
Høyringssvara er offentlege etter offentleglova og vil bli publiserte på denne nettstaden.

Med helsing

Gunhild Strand Molle (e.f.)  
avdelingsdirektør

Sigfrid Tvitekkja  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*